



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 29. april 2013

NVE
nve@nve.no

FRÅSEGN – PROGRAM FOR KONSEKVENsutGREIING – VINDØLA I SURNADAL KOMMUNE

Viser til dykkar ref. nve 201205386-4 kv/genn

Naturvernforbundet meiner at ein må innsjå at det er nærast slutt på utbyggingsmoglegheiter når det gjeld vasskraft i Surnadal. Bortsett frå delar av Toåavassdraget og Søya, er det nesten berre dei lågtliggande vassdraga med lite fall som ikkje har kraftverk i Surnadal kommune. Sjølv dei store elvane utan særleg fall er sterkt prega, t.d. med omsyn til fisken. Når det gjeld dei to førstnemnte så er desse varig verna mot kraftutbygging, men særleg Søya har fått hard medfart på andre måtar, og Toåa har heller ikkje gått fri.

Vindøla, den delen som ikkje er direkte utbygd, representerer såleis siste rest av eit større vassdrag med fall nokon lunde utan påtrengande tekniske inngrep. Store bekkekløfter har blitt ein skugge av seg sjølv i Folla og Svorka, Vindøla er einaste som har store verdier igjen, sjølv om vassføringa er for lita samanlikna med det ho burde ha vore. Bekkekløfta på omsøkte strekning er elles undersøkt i den store bekkekløftundersøkinga, og gitt svært høg verdi med omsyn til verneverdiar knytt til skog.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

1. Andre vassdrag i same storleik i denne regionen som renn nokon lunde urørt av kraftutbygging må dokumenterast såpass at det gir godt grunnlag for å vurdere om det finst liknande og tilstrekkelege mange vassdrag igjen med denne typen kvalitetar.

Middelvassføring og tidlegare utbygging

Middelvassføring er i brosjyra sin tabell hoveddata for kraftverket oppgitt til 5,0 m³/s. Dette er tilslørande. Vindøla har ei middelvassføring på 9,2 m³/s, men 44 % er allereie overført til

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

kraftproduksjonen i Gråsjø/Trollheim.

Vi har ikkje sett noko om dokumentasjon av verknaden då nærare halve middelvassføringa blei borte frå 1968.

Sidan naturen her er innretta etter ei middelvassføring på tett oppunder 10m³, må ein legge dette til grunn når ein skal vurdere verknaden av bortfall av vassføring. Det kan tenkjast at vassføringspåverka natur har tilpassa seg noko til den reduserte vassføringa ved Trollheimutbygginga. Om tilpassinga er permanent, eller framleis under utvikling vil ha interesse, og ha verknad for korleis ein skal vurdere ei ytterlegare reduksjon i vassføringa.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

2. Langtidsverknaden av vassføringsendringa knytt til Trollheimutbygginga må utgreiast.
3. Verknaden av ei ny vassføringsendring i eit frå før endra vassdrag må utgreiast.
4. Verknaden av vassføringsendringa ved omsøkt utbygging må forhalde seg til tilstand før Trollheimsutbygginga.

Vasstemperatur

Etter Trollheimsutbygginga har ein fått ei betydeleg temperaturendring i Surna. Dette har påverka tilhøva for laksen og venteleg også andre artar. Når dette har blitt ein kritisk faktor, vil det ha mykje å seie om ein får ein verknad, sjølv ein liten verknad, på dette området knytt til utbygging av Vindøla.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

5. Verknaden på temperaturen i nedre del av Vindøla må utgreiast.
6. Verknaden på temperaturen i Surna må utgreiast.
7. Verknaden på temperaturen på strekning fråført vatn må utgreiast.

Surna som nasjonalt laksevassdrag

Surna er nasjonalt laksevassdrag og alle verknader på laksen må utgreiast. Verdien for laksen kan vere særleg stor i nedre del av Vindøla, sidan denne i mindre grad enn Surna har vore påverka av mellom anna endra vasstemperatur.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

8. Verdien av nedre del av Vindøla må utgreiast spesielt med tanke på nytteverdien for laksen i Surna. Likeeins for sjøaure.
9. Påverknad på nedre del av Vindøla i form av slam som blir tilført frå tilførselstunnelen må utgreiast, særleg med tanke på artar som har gjeller/filtrerer vatn.

Kunnskap om biologiske verdiar.

Det er gjort ei naturtypekartlegging i området, først og fremst i form av bekkekløftprosjektet. Prosjektet gikk ut på å kartlegge om det var verneverdiar knytt til denne bekkekløfta, og det er det i høgste grad, sidan konklusjonen gir 5 stjerner og nasjonal verdi. Det er viktig å merke seg at denne kartlegginga var ei skogkartlegging og ikkje ei kartlegging knytt til vasstrengen. Såleis er naturverdiane knytt til vasstrengen ikkje kartlagd i det heile. Det er fleire parti av elva som har såpass fall at ein får fosserøyk. Vidare går elva gjennom bergartar som gir noko basisk påverknad.

Det er også klart at ein del av områda nær vasstrengen ligg i skugge. I samband med bekkekløftkartlegginga blir det også peika på at det ein del stader finst ein del daud ved, så ein kan i alle fall ikkje heilt sjå bort frå denne faktoren for enkelte parti av vasstrengen. Alt i alt gir dette ein del føresetnader for at det er krevjande artar knytt til vasstrengen i dette vassdraget, og dette er knapt undersøkt frå før. Elvemuslingen er påfallande fråverande i Surnadal når ein ser på artskart. Om det skuldast at han ikkje høyrer til i kommunen, er komen bort, eller at det skuldast manglande kartlegging, veit vi ikkje, men det er vesentleg at ein får klarlagt dette. Elles har vi fått opplysningar som tilseier at det i alle fall har vore ål i Vindøla.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

10. Alle område med fosserøyk langs vasstrengen må kartleggast, og ein må ha særskild kompetanse på artsgruppene lav og mose i denne kartlegginga.
11. Alle område med skugge og daudved langs vasstrengen må kartleggast, og ein må ha særskild kompetanse på artsgruppene lav og mose i denne kartlegginga.
12. Alle område med raspåverknad, spesielt på solsida langs vasstrengen må kartleggast.
13. Det må undersøkast om det er (eller har vore) elvemusling i Vindøla og sidebekkar nedanfor Vindølstoen og heilt ned til Surna.
14. Det må undersøkast om det er (eller har vore) ål i Vindøla og sidebekkar.

Vasstilknytta fugl

I området er det kjent at ein har både fossefall, vintererle og strandsnipe. Dei to første kan lett bli påverka av vassdragsutbygging, den siste står på raudlista. Kunnskap om alle desse tre artane er frå før ikkje større enn at det er nødvendig å ha god kunnskap om faktisk utbreiing i dette vassdraget.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

15. Hekking skal kartleggast for vasstilknytta fugl, for heile Vindøla.
16. Mattilgang for vasstilknytta fugl skal kartleggast, for heile Vindøla.

Friluftsliv

Bekkekløfta innbyr berre til avgrensa friluftsliv, og det er truleg berre eit fåtal brukarar, men verdiane kan likevel vere svært høge. Det er mellom anna ein sti på nordsida av elva eit stykke som har historiske verdier i tillegg til at det er ei mogleg ferdselsåre ned mot elva. Dette gir ei stor utfordring både med omsyn til kartlegging av bruk og verdisetting.

Krav til konsekvensutgreiingsprogrammet:

17. Det må drivast oppsøkjande verksemd med tanke på å kartlegge faktisk friluftslivsbruk av bekkekløfta.
18. Det må klarleggast om ferdsel langs elvefaret vil møte nye problemstillingar som følgje av inntak og eventuell brå stopp i vassforbruk ved ny inntaksdam.

Konklusjon

Viss Vindøla skal vurderast for utbygging, er det svært viktig at ein gjer spesielt grundige undersøkingar med omsyn til biologisk mangfald, då det både kan vere tale om store verdier og at det tar til å bli få slike stader igjen som ikkje er påverka meir enn Vindøla.

Men vi meiner at vi alt ut frå den kunnskapen som finst bør avvise denne utbygginga. Konfliktane

vil vere svært store. Såleis meiner vi at det vil vere umogleg å gje løyve til denne utbygginga. Vi ber difor tiltakshavar om å trekke saka, eventuelt at NVE avviser eller nedprioriterer denne søknaden som følge av uakseptable konsekvensar for naturmiljøet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal